

Alver kommune v/Plan og byggesak  
Ole Martin Bolset  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 22/4609 - 22/43304

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
07.06.2022

## **Uttale veg i samband med offentleg ettersyn og høyring - Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet gbnr. 172/14. PlanID 1263- 201902**

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp- forvaltning har gått gjennom plandokumentene i samband med offentleg høyring – detaljregulering for Birkelundstunet.

Starten av Fuglevikvegen er regulert med 4m breidde mellom krysset ved fylkesvegen og langs planområdet. Vegen går over i 5m breidde på den delen av Fuglevikvegen som er regulert for Nilshøyen. Dette er det mest sårbare punktet, særleg i perioden for levering til barnehagen som ofte er i den tida med høgast trafikk og mye trafikantar i området.

Det kjem ikkje heilt klart fram korleis ÅDT er berekna. ÅDT i Fuglevikvegen er sett til 150. Grov teljing i kartet syner at det er 32 bustader knytt mot Fuglevikvegen i dag. Med faktor 4 pr. eining vert det 128. I tillegg kjem 12 nye einingar i Birkelundstunet, ÅDT 48 som gir 176. Då er ikkje turane til frå barnehagen med.

Det vises til N100 kor boliggater < 250m skal utformast med breidde 3,5-4m. Det bør bereknast ÅDT for makstimen ved å ta med trafikk til og frå barnehagen i tillegg til bustadreiser. Ei trafikkanalyse for å vise at det ikkje vil bli utfordringar i makstimen og vurdere behovet for å utvide vegen til ei asfaltert breidde kor 2 personbilar kan passere kvarandre på strekninga forbi planområdet er ynskeleg.

Det bør leggjast inn rekkefølgekrav om at tidlegare avkjørsle til planområdet vert stengt og at heilstrekt fortau forbi planområdet er opparbeida før byggeløyve.

Ny plassering av avkjørsle til planområdet er plassert slik at den tilfredsstiller kravet til sikt. Siktlinjene bør teiknast inn i kartet og areal innanfor siktlinjene bør regulerast anna veggrunn.

Avkjørsla er ut frå vurderingar planlagt utforma slik at renovasjonsbil kan nytte den til oppstillingsplass på hentedagar. Då kan avkjørsle og nyttast som møtelomme for møtande trafikk.

Som NGIR påpeika, har kvar bustadeining i dag høve til å plassere ut 2 boszdunkar kvar veke ved henting. Ved 12 bustader utgjer dette 24 dunkar. Med tanke på trafikksikkerheit, må det setjast av nok areal til uplassering av boszdunkar for å unngå at fortau forbi planområdet vert nytta til oppstillingsplass hentedagar.

Det står i føresegne at anna veggrunn grønt kan nyttast som sideareal til vegareal, mur og gjerde og støyskerm. Det bør spesifiserast at gjerde og murar ikkje skal plasserast innanfor dette området, men må plasserast i området for bustadformål, i grensa mot anna veggrunn grønt.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4 5906

FREKHAUG